



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
005/21	Levekårsutval	20.04.2021
027/21	Kommunestyret	29.04.2021

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
19/372 - 21/2607	K2-F00, K3-&75	Norunn Haugen 47674567	08.04.2021

Leve heile livet - plan for lokal gjennomføring av reforma

Saka gjeld:

Stortinget vedtok i 2018 Stortingsmelding 15 – Leve heile livet – ei nasjonal kvalitetsreform for eldre. Kommunestyret tek stilling til lokal gjennomføring av reforma.

Tilråding frå rådmannen:

1. Aurland kommune vedtek lokal gjennomføring av reforma *Leve heile livet* i fem steg slik det er skissert i saksframlegget. Perioden for gjennomføring er frå 2021-2023.

2. Overordna mål og strategiar for tenesteutvikling, forvaltning og samfunnsutvikling på dei områda som inngår i reforma skal innarbeidast i samfunnsdelen til kommuneplanen

3. Handlingsplanar skal rullerast årleg og finansiering av tiltak skal innarbeidast i økonomiplan.

4. Aurland kommune skal vidareføre prosjekta velferdsteknologi og kvardagsrehabilitering og prosjekt gode pasientforløp. Prosjekta vert intergrert i reformarbeidet. Aurland kommune skal i tillegg gjennomføre eit to-årig

stadutviklingsprosjekt med føremål om å skape eit meir aldersvennleg samfunn. Kommunen søker om eksterne tilskot til delfinansiering av prosjektet. Kommunal eigendel vert finansiert med bruk av disposisjonsfond, inntil 300.000 fordelt på inntil tre budsjettår.

Saksframlegg

Bakgrunn for saka

Stortinget vedtok i 2018 Stortingsmelding 15 – Leve heile livet – ei nasjonal kvalitetsreform for eldre. Det er forventa at reforma vert politisk forankra og gjennomført i alle kommunar fram mot 2023. I reforma er det tydelege forventningar om at kommunane skal planlegge og tilrettelegge framtidens tenester for eldre. Med ein auke i tal eldre vil ikkje dagens eldreomsorg vere berekraftig framover. Reforma består av 25 konkrete og utprøvde løysingar på område der det ofte er svikt i tenestene. Verdiane kvalitet, tryggleik og verdigheit ligg til som grunnlag for heile reforma.

Målet med reforma

- Fleire gode år der eldre får behalde god helse lenger, og opplever at dei har god livskvalitet og at dei i større grad meistrar eige liv, samstundes som dei får den helsehjelpa dei treng når dei har behov for den.
- Pårørande som ikkje blir utslitt og som kan ha ein jamn innsats for sine næraste.
- Tilsette som opplever at dei har eit godt arbeidsmiljø, og at dei får brukt sin kompetanse og gjort ein fagleg god jobb.

Målgruppa for reforma er eldre over 65 år, både dei som bur heime og på institusjon. Eldre er ei samansett gruppe og det er stor variasjon i føresetnader, behov og ynskjer i denne gruppa.

Les heile reforma her:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-15-20172018/id2599850/>

Vurdering

Kva utfordringar vil vi møte i Aurland?

Aurland kommune ser mange av dei same utfordringane som alle andre kommunar knytt til helse og omsorgstenestene. Vi lever lenger, gjennomsnittsalderen vil auke og dei blir meir press på helse og omsorgstenestene. På kort sikt, dei neste fire åra, syner prognosar for Aurland at tal eldre over 80 år vil gå ned. På lengre sikt blir det likevel fleire eldre og gradvis færre yrkesaktive per pensjonist. Sjukdom aukar med alder, fleire utviklar til dømes sjukdom knytt til kognitiv svikt. Det er stor sannsynlegheit at talet på personar med demens vil doble seg dei neste 30-40 åra. At mange i tillegg utviklar fleire sjukdomar samstundes fører til auka behov og press på helse og omsorgstenestene. Aurland kommune må tenke annleis for å møte desse utfordringane. Kommunen må ha ein overordna strategi og lage ein handlingsplan for heile kommunen.

Kva kjenneteiknar tenestene Aurland har i dag?

Aurland kommune har dei siste fire åra hatt eit omstillingsprosjektet i pleie og omsorg.

I omstillingsprosjektet har desse strategiane lege til grunn for arbeid med tenesteutvikling:

- frå behandling til førebygging og hjelp til sjølvhjelp
- frå tildeling av tenester etter LEON-prinsipp (lågaste effektive omsorgsnivå) til BEON- prinsipp (beste effektive omsorgsnivå)
- rett dimensjonering av tenester - utarbeide tildelingskriteria
- rett dimensjonering av tenester - fleire korttidsplassar i institusjon og omsorgsbustader med tilgang heildøgns pleie og omsorgstenester
- satse på kvardagsrehabilitering, habilitering og oppfølgingstenester slik at fleire kan meistre å bu heime
- innovasjon i tenestene og velferdsteknologi

Det må vere eit mål å fortsette det gode arbeidet og at strategiar som ligg til grunn for omstillingsarbeidet i pleie og omsorg bør vidareførast. Og at desse så langt som råd også ligg til grunn for tiltak som kommunen set i verk for å innføre leve heile livet.

Innføring av Leve heile livet i Aurland

I Aurland kommune har vi mykje på plass innanfor dei fem innsatsområda i den nasjonale kvalitetsreforma:

- eit aldersvennleg Noreg
- aktivitet og fellesskap
- mat og måltider
- helsehjelp
- samheng og overgang mellom tenestene

Men vi ser at innan nokre av områda kan vi tenke nytt og ikkje minst kan vi arbeide meir systematisk. Dette krev at vi mobiliserer breitt, samarbeider med pårørande og brukar og at vi forankrar mål og tiltak i kommunen sitt planverk.

Vi legg difor til grunn at arbeidet lokalt med leve heile livet skal vere tufta på tre grunnpilarar:

S - *samskaping og mobilisering*, for å få realisert enkle tiltak raskt

M - *medverknad*, m.a. auke eldre sin digitale kompetanse, meir fokus på eldre og pårørande sine føresetnader, behov og ynskje

S - *systematisk arbeid*, forankring i kommunale planar og budsjett

Desse tre grunnpilarande skal alle ha med seg i arbeidet med reforma. Dette skal hjelpe kommunen å tenke nytt, ta gode val og auke gjennomføringsevne.


5 steg i det lokale arbeidet med reforma:

1. kartlegge (2019-2020)
2. innspel til løysingar (2020-2021)
3. handlingsplan (2021)
4. frå plan til handling (2021-2023)
5. evaluere og forbetre (frå 2021)

Aurland kommune ligg allereie litt etter i høve til politisk forankring av reformarbeidet, og den nasjonale framdriftsplanen. På den andre sida er mykje relevant utviklingsarbeid innanfor dei fem nasjonale innsatsområda godt i gang ute på einingane. Dei fem stega ovanfor syner framdrifta i det lokale reformarbeidet.

I samband kommuneplanarbeidet har kommunen hatt fokus på å få innspel på tema som er aktuelle for reformarbeidet m.a. var eit av spørsmåla i gjestebodet om «aldersvennleg samfunn». Innspela er oppsummert og tilgjengelege. Kartlegging og innspelsfase er såleis i gang.

Organisering:



Reforma er både ei pleie- og omsorgsreform, som omfattar tenesteutvikling og forvaltning, og ei samfunnsreform. Alle tenesteområda må bidra for å skape eit aldersvennleg samfunn der alle innbyggjarar uansett alder og føresetnader aktive og sjølvstendige. I Aurland kommune skal vi ha fokus på at eit aldersvennleg samfunn er eit *samfunn der det er godt å bu og leve for alle – heile livet*.

I organisering av reformarbeidet er det vektlagt at kommunen allereie har etablert ei prosjektgruppe for innføring av velferdsteknologi og kvardagsrehabilitering og ei prosjektgruppe for gode pasientforløp. Desse prosjektgruppene vert vidareført og integrert i reformarbeidet. I økonomiplanperioden 2021-2024 er det sett av NOK 250.000 i året til investeringar i velferdsteknologi. I tillegg til dei to etablerte delprosjekta vert det tilrådd å etablere ei prosjektgruppe som har eit særleg ansvar for dei to innsatsområda «aldersvennleg samfunn», «aktivitet og fellesskap». Denne prosjektgruppa skal vere samansett av tilsette frå ulike einingar.

Overordna mål og strategiar både for tenesteutvikling og for aldersvennleg samfunn

må forankrast i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Rådmann skal vere prosjektansvarleg og har ansvar for rapportering til styringsgruppa og relevante folkevalde organ. Det skal etablerast referansegrupper t.d. tillitsvalde, eldreråd, andre brukarorganisasjonar og leiarforum. Desse referansegruppene vil vere viktig for medverknad, men referansegruppene vil ikkje ha avgjerdsmynde i prosjektet.

Rådmann har og ansvar for forankring internt i organisasjonen og for at kvar prosjektgruppe får eit tydeleg mandat med krav om framdrift, gjennomføring og rapportering i dei ulike fasane av reformarbeidet. Koordinator i prosjektet følgjer opp prosjektgruppene, har ansvar for fellesaktivitetar i reformarbeidet, førebur saker til politisk handsaming og har kontakt med regional støtteapparat.

Det regionale støtteapparatet er samansett av KS, Statsforvaltaren, forskings- og utviklingsmiljø m.a. Utviklingssjukeheimen i Sogn og Fjordane/Sunnfjord (UTSH).

Kvar prosjektgruppe har ei eiga prosjektleiing med ansvar for å planlegge og gjennomføre aktivitetar i kvart steg av prosjektet. Prosjektleiinga har ansvar for å utarbeide handlingsplanar og må komme med innspel til økonomiplanarbeidet. For delprosjekta velferdsteknologi og kvardagsrehabilitering og gode pasientforløp er det pleie og omsorg som har ansvar for prosjektleiinga. Rådmann tilrår at det vert sett av eigne midlar og søkt om eksterne midlar for å styrke innsatsen til kommunen i høve aldersvennleg samfunn (stadutvikling og til å skape aktivitet og fellesskap knytt til sentrumsområda). Dette arbeidet inneber samarbeid på tvers av etablerte tenester og strukturar. For å lukkast vil det vere ei føremon at det blir sett av ressursar arbeidet og til prosjektleiing. Innbyggjarundersøkinga som vart gjennomført i 2021 syner at utvikling av sentrumsområde er eit av forbedringsområda våre. Rådmannen meiner at å sjå stadutvikling og leve heile livet i samanheng vil kanskje opne fleire moglegheiter. Kan erfaringar frå skulen sitt arbeid med «levande skule» nyttast som mal for eit stadutviklingsprosjekt og bli til «levande lokalsamfunn»?

Uprenta vedlegg til saka:

20.04.2021 Levekårsutval

Handsaming i møte:

Leiar forvaltning og utvikling Norunn Haugen orienterte og svarte på spørsmål.

Røysting:

Framlegg frå rådmannen: Samrøystes

LKU-005/21 Vedtak:

1. Aurland kommune vedtek lokal gjennomføring av reforma *Leve heile livet* i fem steg slik det er skissert i saksframlegget. Perioden for gjennomføring er frå 2021-2023.
2. Overordna mål og strategiar for tenesteutvikling, forvaltning og samfunnsutvikling på dei områda som inngår i reforma skal innarbeidast i samfunnsdelen til kommuneplanen
3. Handlingsplanar skal rullerast årleg og finansiering av tiltak skal innarbeidast i økonomiplan.
4. Aurland kommune skal vidareføre prosjekta velferdsteknologi og kvardagsrehabilitering og prosjekt gode pasientforløp. Prosjekta vert intergrert i reformarbeidet. Aurland kommune skal i tillegg gjennomføre eit to-årig stadutviklingsprosjekt med føremål om å skape eit meir aldersvennleg samfunn. Kommunen søker om eksterne tilskot til delfinansiering av prosjektet. Kommunal eigendel vert finansiert med bruk av disposisjonsfond, inntil 300.000 fordelt på inntil tre budsjettår.

Samrøystes

29.04.2021 Kommunestyret**Handsaming i møte:****Røysting:**

Framlegg frå Levekårsutvalet: Samrøystes

KS-027/21 Vedtak:

1. Aurland kommune vedtek lokal gjennomføring av reforma *Leve heile livet* i fem steg slik det er skissert i saksframlegget. Perioden for gjennomføring er frå 2021-2023.
2. Overordna mål og strategiar for tenesteutvikling, forvaltning og samfunnsutvikling på dei områda som inngår i reforma skal innarbeidast i samfunnsdelen til kommuneplanen
3. Handlingsplanar skal rullerast årleg og finansiering av tiltak skal innarbeidast i økonomiplan.
4. Aurland kommune skal vidareføre prosjekta velferdsteknologi og kvardagsrehabilitering og prosjekt gode pasientforløp. Prosjekta vert intergrert i reformarbeidet. Aurland kommune skal i tillegg gjennomføre eit to-årig stadutviklingsprosjekt med føremål om å skape eit meir aldersvennleg samfunn. Kommunen søker om eksterne tilskot til delfinansiering av prosjektet. Kommunal eigendel vert finansiert med bruk av disposisjonsfond, inntil 300.000 fordelt på inntil tre budsjettår.

Samrøystes

